

Forskrift om tilskotssats for grunntilskot for private barnehagar i Ulstein kommune, for tilskotsåret 2027

Heimel

Forskrifta er fastsett med heimel i barnehagelova §§ 19–19 c og forskrift om finansiering av private barnehager , jf. kravet frå Kunnskapsdepartementet om at kommunane skal fastsetje tilskotssatsar i lokal forskrift frå og med berekninga i 2026 for tilskotsåret 2027.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å er å fastsette årlege tilskotssatsar til private barnehager i kommunen sikre ei likeverdig og føreseieleg finansiering av private barnehagar, jf. barnehagelova § 19.

Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle godkjende private barnehagar i Ulstein kommune som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19.

Grunntilskot

Ulstein kommune fastset følgjande driftssatsar for tilskotsåret 2027:

Små barn (0–2 år): kr 264 491 kroner per heiltidsplass

Store barn (3–5 år): kr 139 139 kroner per heiltidsplass

Satsane er berekna på grunnlag av kommunen sine rekneskapstal for barnehagedrift og i samsvar med forskrifta om økonomisk likeverdig behandling.

Ein må ta med eit atterhald om

- Endring i deflator. Det er brukt anslagsvis 3,5% for år 1 og 3,4% for år 2 i berekninga.
- Endring i foreldrebetaling. Det er lagt inn ein maksimalpris på 13 200 kroner i berekninga
- Feil i utrekning eller endringar som kjem i ettertid. Vi har ikkje tilgang til endeleg versjon av reknearket til KS for tilskot
- Pensjonstilskot og eigedomstilskot er ikkje medrekna i grunntilskotet

Pensjonstilskot

Kommunen skal gi pensjonstilskot etter dei nasjonalt fastsette satsar frå Kunnskapsdepartementet for tilskotsåret 2027.

Pensjonstilskotet blir fastsett etter følgjande modellar:

- 5 % for barnehagar med innskotspensjon
- 8 % for barnehagar med hybridpensjon
- 11 % for barnehagar med ytelsespensjon

Alle private barnehagar skal dokumentere kva pensjonsordning dei har innan 25.september.

Særregel for historiske pensjonsforpliktingar

I vedlegg til *Forskrift om finansiering av private barnehager* er Byggeklussen Open barnehage på lista over private barnehagar som omfattast av § 16 om særregel for pensjonstilskot til private barnehagar med historiske pensjonsforplikting basert på avtale om offentlig tenestepensjon.

Dersom ein privat barnehage har historiske pensjonsforpliktingar som ikkje blir dekte av den nasjonale pensjonssatsen, kan barnehagen søkje om eit tillegg i tilskotet.

Eigedomstilskot

Kommunen skal gi eigedomstilskot til private ordinære barnehagar etter den nasjonale satsen fastsett av Kunnskapsdepartementet per heiltidsplass. Satsen blir fastsett årleg av Kunnskapsdepartementet.

Open barnehage

Private opne barnehagar i Ulstein kommune skal få grunntilskot etter den nasjonale satsen fastsett av Kunnskapsdepartementet for tilskotsåret 2027.

Kommunen bereknar tilskot etter første ledd ut frå tal barn den private barnehagen er godkjent for. Dersom det over tid viser seg at frammøtet i barnehagen er vesentleg lågare, kan kommunen legge et lågare barnetal til grunn.

Berekning av barnetalet

Tilskotsgrunnlaget blir berekna på grunnlag av rapportert barnetal i BASIL per 15. desember året før tilskotsåret.

Deltidsplassar blir omrekna til heiltidsplassar etter nasjonale reglar.

Overgangsordning ved samla reduksjon

Dersom samla reduksjon i tilskot frå eitt år til det neste overstig det som er tillate etter nasjonal forskrift, skal kommunen nytte overgangsordninga fastsett av Kunnskapsdepartementet.

Overgangsordninga skal sikre at barnehagen får gradvis tilpassing til nytt tilskotsnivå.

Innrapportering frå private barnehager

Private barnehager skal innan fastsette fristar levere nødvendig dokumentasjon og rapportering for å sikre korrekt tilskotsberekning, i tråd med krav i økonomiforskrift til barnehagelova.

Akontoutbetaling

Kommunen skal utbetale akontotilskot for januar 2027 innan 31. desember 2026.

Akontobeløpet blir berekna på grunnlag av satsane i denne forskrifta og barnetalet per 15. desember 2026.

Akontobeløpet vert avrekna mot endeleg tilskot i første ordinære utbetaling i 2027, etter endeleg vedtak medio februar i året for tilskot.

Enkeltvedtak

Vedtak om tilskot til den enkelte barnehage er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Barnehagen kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren. Ei eventuell klage skal sendast til kommunen, som vurderer om vedtaket skal gjerast om før eventuell oversending til Statsforvaltaren.

Kommunale satsingar

(Viser til regjeringa sitt forslag punkt 3)

1. Kommunen kan halde utgifter knytte til kommunale satsingar utanfor berekningsgrunnlaget.
2. Kommunen skal sikre at private barnehagar får reell tilgang til å delta i slike satsingar, jf. barnehagelova § 19 b andre ledd.

Nye krav

Når det blir innført nye krav som ikkje inngår i berekningsgrunnlaget for grunntilskotet, skal kommunen gi eit særskilt tilskot som dekkjer dei budsjettmessige konsekvensane av krava i kommunale barnehagar.

Bemanningsnorm og pedagognorm

Dersom kommunale barnehagar i gjennomsnitt ikkje oppfyller bemanningsnorma (barnehagelova § 18) eller pedagognorma (barnehagelova § 18 a), skal kommunen gi eit ekstra grunntilskot til private barnehagar som svarar til meirkostnadene.

Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.